



Fjord  
kommune

# Rutinar for skulefråvær i Fjord kommune

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid



**Gode vekstvilkår**

*Livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig*

## Innhaldsliste

Kva er fråvær? .....	3
Plikt til grunnskuleopplæring .....	3
Når bør vi vere bekymra? .....	3
Den vonde sirkelen.....	3
Førebygging av skulefråvær .....	4
Risiko og beskyttelsesfaktorar.....	4
Rutinar for oppfølging av skulefråvær .....	6
Heilskapleg arbeid .....	6
Fasar i arbeid med skulefråvær .....	6
Ressursbank.....	8
Vedlegg 1 - Sjekkliste og oppfølging.....	8
Vedlegg 2 - Idebank .....	11
Vedlegg 3 - Samtaletips .....	13
Vedlegg 4 - Samarbeidsavtale .....	14
Vedlegg 5 - Evaluering av samarbeidsavtale .....	15

## Kva er fråvær?

### Plikt til grunnskuleopplæring

Utdanningsdirektoratet (2016) definerer fråvær i grunnskolen slik: «Fråvær i grunnskolen kan deles i dokumentert og udokumentert fråvær. I grunnskolen er det to typar dokumentert fråvær. Det er dokumentert fråvær av helsemessige grunner og permisjon innvilga av skolen».

Bakgrunnen for at det berre er disse to fråværstypene som blir godteke i grunnskolen, er elevane si plikt til å delta i opplæringa (Opplæringsloven § 2-1).

Det er vanlig at elevar frå tid til annan blir sjuke og har noko fråvær frå skulen. Imidlertid bør skulen og foreldre vere merksame når fråværet går utover det som er normalt. Når fråværet er uvanleg høgt (f.eks. grunna sjukdom), må skulen undersøke årsaka til fråværet for å avdekke kor vidt årsakane til fråværet er rimelege (f.eks. ved å undersøke om det føreligg legeattest). Eit høgt fråvær, uansett årsak, krev oppfølging frå skulen. Sjølv om årsaka er klart definert, vil mange elevar trenge hjelp både fagleg og sosialt. Det er også viktig å vere klar over at barn si helse heng nært saman med deira psykososiale miljø, både på skulen, i familien og på fritida. Hjå elevar med mykje korttidsfråvær, er det viktig å vurdere om det heng sammen med eleven sin skulesituasjon eller livssituasjonen for øvrig, sjølv om foreldre dokumenterer fråværet.

### Når bør vi vere bekymra?

Kva er «mykje fråvær»? Kva som vert opplevd som mykje fråvær kan vere subjektivt, både frå skulen si side og frå heimen. For å hindre at «magefølelsen» vert styrande i for stor grad i møte med enkeltelevar, vil Fjord kommune ha følgjande felles utgangspunkt/felles grense for når ein skal reagere på fråværstimar/dagar.

- Har ein enkelttime eller meir ugyldig fråvær
- Har høgt gyldig fråvær, fem dagar eller meir på tre månadar
- Har kome for seint tre gongar på ein månad
- Møter opp på skulen, men forlèt den igjen
- Ikkje deltek i undervisning/enkelttimar som forventa over tid, t.d. oppheld seg i gangen, går å vandrar, gjer andre ting

### Den vonde sirkelen

I følge Kearney og Silverman (1996) er det ofte oppretthaldande og forsterkande faktorar som bidreg til eleven sitt skulefråvær. Fråværet i seg sjølv er også ein forsterkande faktor. Jo lenger du blir vekke frå skulen, jo verre er det å kome tilbake. Når ein er vekke over tid, fell ein utanfor det sosiale tilhøyret i klassa og på skulen. I tillegg mister eleven meir og meir kontakt med nære venner. Skulearbeidet blir ikkje gjort, og eleven kan oppleve ein rekke negative stadfestingar på eigen utilstrekkelege evner.



Figur 1: Den onde sirkelen ved alvorlig fraværsproblematikk. Her illustrert fra Oslo kommune sin veileder «Skolevegring – en praktisk og faglig veileder (2009)». Opprinnelig hentet fra modell av Thambirajah et al. (2008).

## Førebygging av skulefråvær

Alvorleg skulefråvær oppstår uavhengig av etnisitet, sosioøkonomisk bakgrunn, evnenivå og kjønn. Lærevanskar utløyer ikke nødvendigvis alvorleg skulefråvær, men barn som er mykje vekke frå skulen mister ofte mykje undervisning og kan få vanskar med å følge den faglege prosesjonen.

### Risiko og beskyttelsesfaktorar

Lysne (1996) har identifisert faktorar i både individet og omgjevnadane som kan bidra til, eller beskytte mot, utvikling av langvarig alvorleg skulefråvær.

	Risikofaktorer	Beskyttelsesfaktorar
<b>Faktorer hos eleven</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sårbarhet for stress</li> <li>• Sjenerhet og innadvendethet</li> <li>• Psykiske vansker</li> <li>• Bekymringer for andre ting enn skole</li> <li>• Lav sosial kompetanse</li> <li>• Manglende tilhørighet</li> <li>• Få/ingen venner</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God sosial kompetanse</li> <li>• Prosociale ferdigheter</li> <li>• Minst en god venn</li> <li>• Gode mestlingsstrategier</li> <li>• Positivt selvtiltak</li> <li>• Skolefaglig mestring</li> </ul>
<b>Faktorer ved familien</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samspillsvansker i familiene</li> <li>• Psykiske lidelser hos foreldre</li> <li>• Manglende grensesetting</li> <li>• Lite sosialt nettverk</li> <li>• Enslige foreldre</li> <li>• Foreldre med egne negative erfaringer knyttet til skole</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God psykisk helse hos foreldre</li> <li>• Tydelig grensesetting</li> <li>• Aktiv involvering i barnets skoleverdag</li> <li>• Støtende sosialt nettverk</li> <li>• Godt samarbeid mellom hjem og skole</li> </ul>
<b>Faktorer ved skole</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mangelfulle rutiner for registrering og håndtering av fravær</li> <li>• Høyt lærerfravær</li> <li>• Dårlig klasse- og læringsmiljø</li> <li>• Litet kompetanse på psykiske vansker</li> <li>• Lite tilpasset opplæring</li> <li>• Litet forutsigbarhet i undervisningen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt registreringssystem og oppfølging av fravær</li> <li>• Tydelig klasseledelse</li> <li>• Tilpasset opplæring</li> <li>• Trygg og god relasjon mellom lærer og elever imellom</li> <li>• Interne støttesystem</li> <li>• Tidlig involvering av andre aktører</li> <li>• Handlingskompetanse på intervension ved bekymringsfullt fravær</li> </ul>

Kilde: Lysne 1996

Det finst ei rekke beskyttelsesfaktorar mot alvorleg skulefråvær i skulen som system og i relasjonane mellom menneska som oppheld seg i skulen:

#### **Ein positiv skulekultur**

Barn og unge som går på skular der dei vaksne er opptatt av å sjå kvar enkelt, motivere og vere tydelege leiarar, vil i større grad trivast og vere meir motivert for å vere på skulen.

#### **Positive relasjonar mellom vaksne og barn**

Med gode, proaktive strategiar, kan alle vaksne på skulen bidra til at elevane bygg god sjølvkjensle og får motivasjon for læring. Dei vaksne kan hjelpe elevane med å regulere kjensler og gi dei støtte og hjelp, i tillegg til at dei kan vere en trygg hamn som utgangspunkt for utforsking.

#### **Dei vaksne si evne til å leie klasser og grupper**

Gode rutinar og strukturar dannar ei ramme som gode relasjonar kan utvikle seg innanfor. Ein proaktiv lærar, som er tett på elevgruppa, har høve til å fange opp dynamikken i gruppa tidleg.

#### **Godt samarbeid mellom skole og hjem**

Barn og unge si utvikling og læring er målet for samarbeid mellom heim og skule. Barn og unge sine foreldre er ein avgjerande ressurs i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Når skulen og heimen samarbeider og formidlar dei same verdiane og dei same, positive forventningane til barn og unge, har det ein positiv effekt på trivsel og læring. Foreldra har medansvar for å skape eit godt fellesskap mellom barna, men det formelle ansvaret for samarbeidet ligg hjå skulen som er den profesjonelle aktøren.

#### **Gode rutinar og haldningar til skulefråvær**

Skular som legger vekt på betydninga av å vere til stade og har felles haldningar og gode rutinar for registrering og oppfølging av fråvær, ofte har lav fråværsproblematikk. Eit viktig suksesskriterium er at skulen tek fråvær på alvor ved å føre fråvær dagleg, har jamlege gjennomgangar av fråværet og tek raskt kontakt når ein elev har vore vekke.

#### **Handlingsplanar for intervasjon ved eit høgt fråvær**

Det er viktig at skulen har handlingsplanar for intervasjon ved høgt skulefråvær. Dei to viktigaste prinsippa i ein handlingsplan er tidleg innsats, og at eleven raskast mogleg skal tilbake på skulen. Det kan vere vanskeleg for ein elev å sjå konsekvensane av dei vala dei tek, og å sjå løysingar for deira eigen situasjon. Derfor er det viktig med tydlege vaksne som tek ansvaret for å finne dei rette tiltaka.

#### **Tidleg involvering av andre instansar**

I mange tilfelle vil skulen ha behov for bistand frå andre instansar for å få elevar med alvorleg skulefråvær tilbake på skulen. PP-tenesta og skulehelsetenesta vil vere dei mest aktuelle samarbeidspartane i førstelinja. Det bør også vurderast eit samarbeid med fastlegen, spesialisthelsetenesta og barnevernstenesta.

# Rutinar for oppfølging av skulefråvær

## Heilskapleg arbeid

Fjord kommune har valt tiltakssirkelen (Otnes, 2016) som modell for arbeidet med skulefråvær. Tiltakssirkelen inneholder ulike faktorar som påverkar eleven sitt fråvær, uavhengig av fråværet sin opphavelege årsak. Skulen er den aller viktigaste aktøren i arbeidet med skulefråvær, og det er viktig at skulen og foreldra startar arbeidet raskt når ein elev har høgt skulefråvær. I mange tilfelle vil det vere viktig å få bistand frå andre instansar. Tiltakssirkelen er ein modell som kan hjelpe til med å sikre ei heilskapleg tilnærming til skulefråværet, og sikre at alle partar tek sin del av ansvaret. Modellen kan brukast ved alle gradar av fråvær.



Kilde: Tiltakssirkelen (Otnes, 2016).|

## Fasar i arbeid med skulefråvær

Fase 1	Førebygge fråvær med gode rutinar for føring og oppfølging av fråvær.
Fase 2	Identifisering og kontakt <b>innan 1. veke.</b> Grunnlag for bekymring, start fase 3.
Fase 3	Kartlegging, tiltak og evaluering. Utarbeide samarbeidsavtale som skal <b>evaluerast etter 3 veker.</b> Om betring, gjenta fase 3. Lite eller ingen betring, start fase 4.
Fase 4	Behov for fleire tiltak, ev opprette kontakt med aktuelle instansar.

Oversikta viser korleis arbeidet med fråværsoppfølging for elevar i Fjord kommune skal gå føre seg, kva tiltak som skal settast inn når, og korleis rollefordelinga skal være.

Fase	Kva	Kven	Ansvarleg
<b>Fase 1 Førebygging av fråvær</b>			
Fase 1	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebyggande arbeid med eit godt læringsmiljø</li> <li>- Fråvær førast dagleg av faglærar og kontaktlærar i det skuleadministrative systemet</li> <li>- Månadleg gjennomgang av fråvær ved kontaktlærar med trinnteamet</li> <li>- To gangar pr semester – leiinga går gjennom skulen sitt samla fråvær</li> </ul>	Kontaktlærar/ leiinga Kontaktlærar Avdelingsleiar Leiinga	Kontaktlærar Leiinga
<b>Fase 2 Identifisering og kontakt</b>			
Fase 2	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontaktlærar oppdagar bekymringsfullt skulefråvær</li> <li>- Kontaktlærar ringer føresette for å sjekke om det er grunn til bekymring for fråværet</li> <li>- Om ikkje bekymring, fortsett å følge opp ved nytt fråvær</li> <li>- Om bekymring, gå til fase 3</li> </ul>	Kontaktlærar	Kontaktlærar
<b>Fase 3 Kartlegging, tiltak og evaluering - samarbeidsavtale</b>			
Fase 3	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avdelingsleiar informerast og tek ansvaret for Oppfølginga, LOS blir kontakta</li> <li>- Kontaktlærar kallar inn elev og foreldre til eit møte, vurdere om LOS skal vere med</li> <li>- Kartlegging av situasjonen</li> <li>- Tiltak utarbeidast og gjennomførast</li> <li>- Evaluering etter tre veker</li> <li>- Er problemet løyst, gå tilbake til kvardagen</li> <li>- Er det fortsett behov for tiltak må ein vurdere å lage en ny tre vekers plan eller gå til fase 4</li> </ul>	Leiinga Kontaktlærar, LOS, Helsesjuke- pleiar og Ressursteam informerast Fastlege	Leiinga
<b>Fase 4 Behov for fleire tiltak</b>			
Fase 4	<ul style="list-style-type: none"> <li>- PP-tenesta kontaktast. Ved tilvising tek PP-rådgjevar ansvar for fagleg koordinering av videre arbeid.</li> <li>- Andre aktuelle instansar vurderast inn</li> <li>- Meir omfattande kartlegging av risiko og ressursar gjennomførast</li> <li>- Nye tiltak ut frå kartlegging</li> <li>- Jamleg evaluering, også der fråværet blir langvarig</li> </ul>	Leiinga PPT Kontaktlærar Helsesjuke- pleiar Ressursteam Aktuelle aktørar: BUP Barnevern Fastlege	Leiinga PPT

# Ressursbank

## Vedlegg 1- Sjekkliste og oppfølging

### Fase 1 Førebygge skulefråvær

Mål i fase 1: Arbeide førebyggande med skulemiljø og fråværsoppfølging

Alvorleg skulefråvær kan førebyggast gjennom eit godt skulemiljø, skulen sine rutinar for fråværsføring, oppfølging av fråvær og skuleheim-samarbeid. I tillegg til rutinane som er beskrive i planen "Trygt skulemiljø", skal alle skuler ha rutinar for fråværsføring som er kjent og lett tilgjengeleg for skulen sine elevar, foreldre og lærarar:

### SJEKKLISTE FRAVÆRSOPPFØLGING

#### 1. Føring av fråvær

- Kontaktlærar er ansvarleg for at eleven sitt fråvær er oppdatert.
- Time/faglærarar skal også føre fråvær dagleg.

#### 2. Kontakt mellom skole og heim

- Foreldre skal gi beskjed til skulen på eleven sin første fråværsdag.
- Dersom foreldra ikkje tek kontakt, skal kontaktlærar ringe foreldra for å avklare fråværet på eleven sin første fråværsdag. Ved bekymring for fråværet informerast leiinga.
- Kontaktlærar skal informere foreldre umiddelbart ved alt ugyldig fråvær. Leiinga informerast. På barneskulen skal dette skje i løpet av første time og på ungdomsskulen seinast ved skuledagens slutt.
- All kontakt skulen har med foreldre og/eller elev angåande fråvær skal loggførast.

#### 3. Oppfølging på trinn

- Kontaktlærar skal gjennomgå fråværet til sine elevar månadleg. Ver obs på mønster i fråværet, t.d ein bestemt dag/timar går igjen kan vere teikn på at eleven unngår eit fag eller aktivitet.
- Leiinga deltek på gjennomgang av fråvær på trinnmøter minst to gongar i halvåret.

#### 4. Drøfting av fråvær på skolen

- Fråvær skal være tema på skulen sine møter i ressursteam
- Avdelingsleiar og rektor gjennomgår fråværsføringa og skulen sitt samla elevfråvær to gongar i halvåret

## **Fase 2 Identifisering og kontakt**

Mål i fase 2:

Å oppdage fråværet tidleg

Det viktigaste i denne fasen er tidleg kontakt med heimen ved alvorleg skulefråvær. Dette er spesielt viktig ved ugyldig fråvær og udokumentert fråvær. Det er kontaktlærar som koordinerer arbeidet.

**Kriteriene for når skulen tek kontakt følger definisjonen av alvorleg skulefråvær:**

- Eleven har éin enkelttime eller meir ugyldig fråvær
- Eleven har høgt gyldig fråvær, fem dagar eller meir på tre månadar
- Eleven har kome for seint tre gongar på éin månad
- Eleven møter i klasserommet, men forlet det igjen
- Eleven møte opp på skulen, men forlet den igjen

## **Fase 3 Kartlegging, tiltak og evaluering**

Mål i fase 3:

Hindre utvikling av langvarig alvorleg skulefråvær

Prinsippet i denne fasen er tidleg intervension med høg intensitet. Når fråvær vare over tid, kan det vere vanskeleg å få eleven tilbake til skolen. Eit godt og samordna arbeid i ei periode på tre til fire veker, kan hindre at fråværet blir langvarig. I denne fasen koordinerer avdelingsleiar arbeidet i lag med LOS og kontaktlærar. Eleven drøftast i trinnteamet.

Fase 3 består av kartlegging, samarbeidsmøte og samarbeidsavtale. Kontaktlærar kallar inn eleven og foreldra til ein samtale. I denne samtalen utarbeidast det ein samarbeidsavtale for dei neste vekene. Dersom bekymringa sin art eller omfang tilseier det, kan andre vere med i samtalen, for eksempel LOS, helsejukepleiar, rådgjevar eller avdelingsleiar

### **SJEKKLISTE:**

- Kontaktlærar melder saken til avdelingsleiar. Avdelingsleiar drøftar saken i trinnteamet
- Kontaktlærar kallar inn eleven og foreldra til et møte.
- Skulen kartlegg eleven og situasjonen rundt eleven (bruk tiltakssirkelen)
- Skulen, elevane og foreldra lager ein samarbeidsavtale med tiltak
- Aktørane følger opp og evaluerer samarbeidsavtalen etter tre veker
- Vurdere andre instansar inn i saken
- Moglege utfall:
  - Problemet er løyst, ytterlegare tiltak er ikkje nødvendig
  - Betring, men ikkje helt i mål, fase 3 gjentakast
  - Meir omfattande innsats krevst, gå til fase 4

#### **Fase 4 Behov for ytterlegare tiltak (etter de 3-4 første vekene)**

Mål i fase 4:

Redusere omfanget av skulefråværet

Prinsippet i denne fasen er å vurdere kva behov eleven har og korleis de ulike faginstansane kan bidra for å redusere omfanget av skulefråværet. I denne fasen skal skolen, i samarbeid med foreldra og eventuelt eleven, tilvise eleven til PP-tenesta. Når eleven er tilvist til PP-tenesta overtar denne ansvaret som fagleg koordinator for det videre arbeidet.

#### **SJEKKLISTE:**

- Skulen kallar inn til eit møte med PP-tenesta
- PP-tenesta får ansvar for den faglege koordineringa når eleven er tilvist.
- Det avklarast om andre instansar skal inn (fastlege, BUP, ol.)
- Det vurderast behov for legeerklæring på fråværet
- Det vurderast om eleven skal tilvisast PP-tenesta, og drøftast mogleg melding til barneverntenesta
- Skulen gjennomfører ei utvida kartlegging av eleven og situasjonen rundt eleven
- Skulen finn nye tiltak rundt eleven
- Det systematiske arbeidet rundt eleven fortset sjølv om fråværet blir langvarig

## Vedlegg 2- Idebank

Eksempelsamlinga er meint som idear til inspirasjon, og ingen utfyllande liste. Det er viktig å finne tiltak tilpassa den enkelte sak, ver gjerne kreativ! Jo meir konkrete tiltaka er, jo betre.

### Relasjon til vaksne på skolen

#### Ressursfaktorar:

- Har god relasjon til kontaktlærar
- Er sjarmerande, lett å like for vaksne
- Liker rådgjever
- Liker same obskure rockeband som musikklærer

#### Risikofaktorar:

- Redd for kritikk frå engelsklærar når han gjer feil
- Flau etter å ha skjelt ut mattelærar
- Redd for å være mislikt av rektor fordi hen er «vanskeleg»
- Far snakkar av og til nedsettande om nokon av lærarane

#### Tiltak:

- Kontaktlærar sett av tid til faste samtalar med eleven.
- Rådgjevar møter eleven i skolegarden om morgonen for ei periode
- Rektor helser venleg når hen møter eleven i gangen
- Foreldre snakkar positivt om lærarane og skulen
- Mattelærar tek initiativ til ein samttale med eleven
- Kontaktlærar snakkar med engelsklærar om eleven si oppleving
- Musikklærer er ekstra oppmerksam, og slår av ein prat når det er naturleg

### Relasjon til medelever

#### Tiltak:

- Kople eleven til ein medelev (læringspartner)
- Eleven får vere hjelpe lærar i musikktimane
- Plassere elev i grupper samansett kun av elevar hun/han er trygg på
- Lage klasseregler for godt miljø og samspel
- Fadderordning
- Klassen sender brev/SMS til eleven med hyggeleg helsing ved lengre fråvær
- Høve for å skifte i eiga garderobe

### Struktur på skulen

#### Tiltak:

- Kontaktlærar og elev utarbeidar redusert timeplan
- Leiinga sjekkar om rutinar for registrering av fråvær følges
- Eleven lagar plan for veka i samarbeid med rådgjever/kontaktlærar
- Kontaktlærar sørger for å sikre forutsigbarheit for eleven ved å gi beskjed ved f. eks. planlagt vikar eller spesielle aktivitetar på skulen
- Rektor/avdelingsleiar vurderer saman med kontaktlærar om gruppeinndelingar og klasseromsstruktur er hensiktsmessig for eleven
- Miljøarbeidar organiserer leikegrupper i friminutta

## **Meistring på skulen**

### Tiltak:

- Mattelærar sjekkar ut om eleven treng meir utfordrande oppgåver
- Jobbe for å dempe fokus på presentasjonar
- Skule/PPT kartlegg eventuelle lærevanskar
- PPT vurderer behov for tilrettelegging
- Justere mengde/type lekser
- Undervisning i smågrupper
- Far hjelper til med engelsklekser
- «open- bok-prøve»

## **Individuelle faktorar**

### Tiltak:

- Kontaktlærar legg til rette for å kunne bruke interesser/hobbyar i skullearbeidet
- Lærarar legg merke til og kommenterer positive eigenskapar (f. eks hjelsam, tolmodig, ol.)
- Støttesamtalar hjå rådgjevar/helsejukepleiar
- Vurdere behov for tilvising til psykisk helseteam, BUP, osv.
- Høve til å trekke seg tilbake: få arbeide åleine på biblioteket når det er mykje bråk i klassen

## **Heimeforhold**

### Tiltak:

- Foreldre jobbar med morgenrutinar for å få betre start på dagen
- Helsejukepleiar bistår foreldre i å få gode rutinar
- Far kontaktar Familievernkontoret for å få hjelp til å samarbeide betre som skilde foreldre
- Skulen vurderer om Barnevernet bør involverast
- Mor kører til skulen for ei periode
- Foreldre innfører faste kveldsrutinar og avgrensing av elektronikk før leggetid

## **Foreldre sin tillit til skulen**

### Tiltak:

- Når avtaler ikkje blir følgd opp, sjekk ut kva det handlar om
- Skulen har ansvar for god dialog når foreldre klagar eller er misnøgde
- Rektor inviterer foreldre til samtale
- Foreldre med eigne negative skuleerfaringar unnlet å formidle desse til barna
- Rask beskjed til foreldre når elevar uteblir utan beskjed
- Kontaktlærar sender SMS til foreldre dersom eleven ikkje har møtt
- Lærarar passer på å formidle til foreldra at dei liker elven

## **Fritid**

### Tiltak:

- Familien inviterer klassekameratar på pizzakveld
- Faglærar utnyttar interesser i skullearbeid, f. eks ved å skrive prosjektoppgåve om ein hobby
- Kontaktlærar samarbeider med SFO angåande relasjon til medelevar
- Mor og far prøver å bidra til at sosiale relasjoner blir halde ved like på trass av fråvær
- Om mogleg, følge opp fritidsaktivitetar på tross av skulefråvær
- Gå tur med naboen sin hund
- Kontaktlærar og far tek initiativ til samarbeid med fritidsklubb

## Vedlegg 3- Samtaletips

Hjelp til samtale i byrjinga av fase 3, når bekymringsfullt fråvær er avdekka og kontaktlæraren har første samtale med elev og foreldre.

Kartleggingssamtale ved bekymring for fråvær	
<b>Rammer for en god samtale</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sørg for gode fysiske rammer for samtalen. Velg et møterom der dere ikke blir forstyrret og avtal på forhånd hvor lang samtalen skal være.</li> <li>Avklar med eleven om han/hun vil være med på samtalen. Hvis eleven ikke deltar, er det viktig at eleven opplever å få god informasjon om hva som blir sagt og gjort, og hvorfor.           <ul style="list-style-type: none"> <li>Forbered deg godt. Forhør deg i forkant av møtet med andre lærere eleven forholder seg til, ansatte på SFO, etc. som kan bidra med viktig informasjon.</li> </ul> </li> <li>Ta høyde for følelsesmessige reaksjoner hos foresatte og elev.</li> <li>Bekreft og anerkjenn følelsene uten å gå i forsvar.</li> </ul>
<b>Samtalens start</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Start med å informere om at et av formålene med samtalen er å dele skolens bekymring for elevens skolefravær.</li> <li>Gi en konkret tilbakemelding på omfanget av fraværet. Informer om at skolen har rutiner for oppfølging av alvorlig skolefravær og at dette innebærer at det gis informasjon til skolens ledelse, samt at det gjennomføres en samtale med målsetting om å komme frem til tiltak som vil gi en normal tilstedeværelse.</li> <li>Informér om at skolen har ansvaret for at elever har en god og trygg skolehverdag og at foreldre har ansvar for at eleven kommer til skolen. Elever har opplæringsplikt, og foresatte har ansvar for at skolen får gitt den opplæringen.</li> <li>Det kan være nyttig å vise foresatte veilederen for alvorlig skolefravær.</li> </ul>
<b>Forslag til spørsmål: Eleven</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Hvordan trives du på skolen og på fritiden? Har du venner på skolen? Hva liker du å gjøre på fritiden? Er det noe du opplever som vanskelig eller ubehagelig på skolen? Er det spesielle fag du liker / ikke liker? Hvordan opplever du prøver? Hvordan går det med lekser?</li> <li>Er det noen lærere eller andre voksne på skolen som du har et godt / ikke godt forhold til? Blir du plaget eller mobbet på skolen, i friminutt, på skoleveien eller i fritiden?</li> <li>Hva gjør du når du ikke er på skolen?</li> <li>Hvordan kunne du ønske at skoledagen din var?</li> </ul>
<b>Forslag til spørsmål: Foresatte</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Hvordan opplever du/dere at barnet trives på skolen/fritiden?</li> <li>Opplever du/dere at det er spesielle årsaker til at barnet ikke er på skolen?</li> <li>Kan det være forhold på skolen som gjør at barnet har fravær? Har dere tillitt til skolen?</li> <li>Kan det være forhold utenfor skolen som gjør at barnet har fravær?</li> <li>Er det helsemessige årsaker til at barnet er borte fra skolen?</li> <li>Hva gjør eleven når han/hun er hjemme fra skolen? Hvordan er elevens morgenrutiner? Kveldsrutiner?</li> </ul> <p>Kartlegg foresattes behov for støtte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Er det noe du/dere som foresatte har behov for hjelp til? Hvem kan hjelpe?</li> <li>Hva tenker du/dere at skolen kan gjøre for at barnet skal komme på skolen?</li> <li>Gi en kort oppsummering av samtalen. Avtal veien videre.</li> <li>Avklar tydelige rammer for videre kontakt: avklar hyppighet for kontakt, bli enige om bruk av e-post/sms/telefontid. Personensensitiv informasjon skal ikke sendes på e-post.</li> </ul>
<b>Samtalens avslutning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fyll ut samarbeidsavtalen med aktuelle tiltak, og avtal tid for et evalueringsmøte innen tre uker.</li> <li>Dersom det er behov for ytterligere kartlegging, eller det ikke er tydelig hvilke tiltak som bør i verketsettes, avtales et nytt møte innen en uke. Ledelsen skal være representert.</li> </ul>
<b>Etter samtalen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har du gjort deg noen tanker om hvilke faktorer som kan være utløsende og opprettholdende for problematikken?</li> <li>Er det behov for å drøfte saken anonymt med PPT og/eller barnevern?</li> <li>Gjør en vurdering om det er nødvendig med bekymringsmelding til barneverntjenesten. Er du i tvil kan du ringe barneverntjenesten og drøfte saken anonymt.</li> <li>Skriv referat og send kopi til foresatte.</li> </ul>

Henta frå rettleiar til Bærum kommune

#### Vedlegg 4- Samarbeidsavtale

Samarbeidsavtale mellom elev, føresette og evnt andre involverte

<b>Avtalen gjeld:</b>
Eleven sitt namn:
Klasse:
Til stades ved utarbeiding:
Dato:
Mål for samarbeidet:
Spesifikke delmål for denne avtalen/ perioden:
Skulen sitt ansvar:
Føresette sitt ansvar:
Eleven sitt ansvar:
Evt. andre involverte sitt ansvar:
<b>Plan B</b>
<b>Avtalen gjeld</b>
Avtalen gjeld for dei neste _____ vekene
Den skal evaluerast _____ (dato)
<b>Signatur på avtale</b>

## Vedlegg 5- Evaluering av samarbeidsavtale

### Evaluering av samarbeidsavtale

Stad, dato:
Tilstades ved evaluering:
Evaluering av mål:
Evaluering av tiltak:
Evaluering av plan B:

*Basert på evalueringa er det avtalt følgjande (kryss av):*

- Det er ikkje lenger behov for systematisk oppfølging av skulefråver.
- Det blir utarbeidd ein ny samarbeidsavtale.
- Behov for vidare tilvising til f.eks. PPT, barneverntenesta eller andre.

---

Signatur på evaluering:

---